



Arkivnr: 2014/223-314

Saksbehandlar: Tor Harald Rødseth

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Klagenemnda		06.12.2016

Klage frå Ravnanger Hus AS - avslag på søknad om utvida bruk av avkøyrsla på fylkesveg 563 frå gårds- og bruksnummer 4/951 i Askøy kommune

Samandrag

Ravnanger Hus AS har påklaga Statens vegvesen sitt vedtak om å setje vilkår for godkjenning av utvida bruk av avkøyrsla på fylkesveg 563 frå gårds- og bruksnummer 4/951 i Askøy kommune. Vegvesenet har i førsteinstans ikkje kome klagen i møte. Klagenemnda er klageinstans.

Vegvesenet si grunngjeving er oppsummert, at avkøyrsla ikkje oppfyller gjeldande tekniske krav til utforming. Dei finn på det grunnlag at det difor vil vere i konflikt med vegvesenet sin 0-visjon og Rammeplan for avkøyrslar og byggjegranser å gje løyve for utvida bruk av den aktuelle avkøyrsla.

Administrasjonen har i si vurdering av saka i andreinstans kome til at det ikkje er grunnlag for å ta Ravnanger Hus AS sin klage til følgje.

Forslag til vedtak

Klage av 18.11.15 frå Ravnanger Hus AS over Statens vegvesen sitt vedtak av 20.10.15 i samband med søknad om utvida bruk av avkøyrsla på fylkesveg 563 frå gårds- og bruksnummer 4/951 i Askøy kommune vert ikkje teken til følgje.

Grunngjeving: Fylkesrådmannen sitt saksframlegg.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 09.11.2016**Bakgrunn**

Samferdselsavdelinga har i epost av 09.03.16 frå Statens vegvesen (SVV) vedlagt brev av 08.03.16 frå SVV, fått oversendt klage frå Ravnanger Hus AS (RH). Klagen gjeld at SVV i si godkjenning av utvida bruk av avkjørsle på fylkesveg 563 frå gårds- og bruksnummer 4/951 i Askøy kommune har sett vilkår. Klagenemnda er klageinstans.

Rettsleg grunnlag

Veglova § 1A:

Formålet med denne lova er å tryggje planlegging, bygging, vedlikehald og drift av offentlege og private vegar, slik at trafikken på dei kan gå på eit vis som trafikantane og samfunnet til ei kvar tid kan vere tente med. Det er ei overordna målsetting for vegstyremaktene å skape størst mogleg trygg og god avvikling av trafikken og ta omsyn til grannane, eit godt miljø og andre samfunnsinteresser elles.

Veglova § 9, 2. ledd:

Vegstyremakt for fylkesvegar er fylkeskommunen. [...]

Veglova § 13:

Departementet gir føresegner om anlegg av offentlig veg (vegnormalar).

Veglova § 40:

Avkjørsle frå offentlig veg må berre byggast eller nyttast etter reguleringsplan eller arealdel av kommuneplan etter plan- og bygningsloven.

Ligg det ikkje føre nokon reguleringsplan som nemnd, eller planen ikkje omfattar avkjørsle må avkjørsle frå riksveg eller fylkesveg ikkje byggast eller nyttast utan løyve frå regionvegkontoret og avkjørsle frå kommunal veg ikkje byggast eller nyttast utan løyve frå kommunen.

Regionvegkontoret kan krevje at avkjørsle frå riksveg eller fylkesveg skal byggast etter ein plan det godkjenner. Kommunen kan krevje at avkjørsle frå kommunal veg skal byggast etter ein plan den godkjenner.

Er arbeidet med avkjørsla ikkje sett i gang innan 3 år etter at løyve er gitt, fell løyvet bort.

Veglova § 43, 1. ledd:

[...] Vegstyresmaktene kan òg sette som vilkår for løyve til avkjørsle i det einkilde tilfellet at eigaren eller brukaren av avkjørsla syter for å halde fri sikt etter slike liner som er fastsette av vegstyresmakta.

Forvaltningslova § 28, 1.-2. ledd:

Enkeltvedtak kan påklages av en part eller annen med rettslig klageinteresse i saken til det forvaltningsorgan (klageinstansen) som er nærmest overordnet det forvaltningsorgan som har truffet vedtaket (underinstansen).

For enkeltvedtak som er truffet av forvaltningsorgan opprettet i medhold av lov om kommuner og fylkeskommuner, er klageinstansen kommunestyret eller fylkestinget, eller etter disses bestemmelse, formannskapet eller fylkesutvalget eller en eller flere særskilte klagenemnder oppnevnt av kommunestyret eller fylkestinget. [...]

Søknad frå Ravnanger Hus

RH søkte på skjema signert 30.09.15 om utvida bruk av avkøyrsløype frå gårds- og bruksnummer 4/951 i Askøy kommune (eigedom). Ein eventuell utvida bruk er på skjemaet opplyst å vere for ein bustad med leiligheit.

Statens vegvesen sitt vedtak

I brev av 20.10.15 frå SVV blei RH underretta om følgjande vedtak i saka:

Med heimel i veglova §§ 40-43 har vi fatta følgjande vedtak:

Det kan påreknast bruksløyve til utvida bruk av eksisterande avkøyrsløype for 1 – ein – bueining under føresetnad om at krava nedanfor vert oppfylte.

Vedtaket gjeld for Fv 563 hp 2 Km 04932 gnr 4 bnr 951.

Vi gjer merksam på at tilsegna berre gjeld i høve til veglova. Vi gjer særleg merksam på at tiltak kan vere søknadsppliktige etter plan- og bygningslova (kommunen) og at det kan vere behov for å avklare privatsrettslege tilhøve.

Vi set følgjande krav:

1. Avkøyrsla skal vere ferdig bygd i samsvar med vilkåra nedanfor, og deretter kontrollert og godkjent av Statens vegvesen innan 3 – tre år frå datoen på dette vedtaket, elles fell tilsegna bort.

Kommunen skal ikkje gje igangsetjingsløyve til omsøkt bueining før endeleg godkjent avkøyrsløype drå Statens vegvesen føreligg, jf. Plan- og bygningslova § 27-4. Når krav til friskt er oppfylt, kan kommunen gje løyve til nødvendig grunnarbeid.

2. Avkøyrsla må opparbeidast i samsvar med vedlagte prinsippsskisser og *Forskrift om alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsler frå offentlig veg*, som ligg på lovdata.no
3. Avkøyrsla skal også kunne vere felles med eventuelle andre, som på ein naturleg måte kan nytte same avkøyrsløype.
4. Friskt 1,1 meter over bakken 4 meter inn i avkøyrsla skal vere minimum 70 meter til begge sider av køyrebanen. Sikta fram- og bakover på vegen, målt 10 meter frå avkøyrsløypetaket, skal vere minimum 80 meter. Eventuelle planter og liknande i siktsonene kan ikkje vere høgare enn 0,5 meter.
5. Svingradius skal vere 4 meter (diameter 8 meter). Svingradius skal markerast tydeleg. Det smalaste punktet i avkøyrsla skal vere 5 meter.
6. Stigningskrava må haldast (sjå skisse). Vi vil her spesielt gjere merksam på at avkøyrsla skal ha fall frå hovudvegen med 5 cm på dei første 2 metrane.
7. Av omsyn til vedlikehald og trafikktryggleik må det ikkje samle seg vatn i avkøyrsla eller renne vatn ut i fylkesvegen.

Under avkøyrsla må det leggjast dreneringsrør, minimum 300 mm i diameter, med eventuelt nødvendige kummar.

8. Det må vere snu- og parkeringsplass på eigen grunn. Det er ikkje tillete å parkere i frisktsonene.

SVV sitt vedtak har følgjande grunngjeving:

Avkøyrsla slik ho ligg i dag oppfyller ikkje gjeldande tekniske krav til utforming. Det betyr at ho må utbetrast slik at ho kan tilfredsstille dagens krav til avkøyrslar, jfr Vegnormal N100. Vilråa under må oppfyllast for at Statens vegvesen kan gje løyve i saka.

I SVV sitt brev av 20.10.15 heiter det vidare følgjande:

Vi gjer merksam på at omsøkte avkøyrslar ligg i eit område som er omfatta av reguleringsplan for Fv 563. Askøypakken skal slik det no ligg føre starte byggjearbeid med utviding av Fv 563 på denne strekninga i 2016. Når dette finn stad vil også omsøkte avkøyrslar bli utbetra i samsvar med reguleringsplanen. Det er soleis opp til tiltakshavar om ein ønskjer å sette i gong utbetningsarbeid av avkøyrsla eller ein vil avvente situasjonen til Askøypakken har utbetra avkøyrsla.

Klage frå Ravnanger Hus

I epost av 18.11.15 frå RH er SVV sitt vedtak av 20.10.15 påklaga. Den endring som RH ønskjer i vedtaket er at kravet om utbetring av avkøyrsla vert fråfalle.

Klagen er i RH sitt brev av 18.11.15 grunngjeve slik:

Klagen er begrunnet med at avkjøringstillatelsen er gitt på for strenge vilkår. En ber om at det gis ny avkjøringstillatelse utan krav om utbedring av avkjørselen. Dette er begrunnet med at Statens Vegvesen i 2016 uansett skal starte opp utbedring av fylkesveien på den aktuelle strekkingen. Med en byggetid på et år vil boligen antagelig ikkje stå ferdig før i begynnelsen av 2017. Byggesøknad er enda ikkje sendt kommunen. Det er derfor sannsynlig at arbeidet med fylkesveien er godt i gang før boligen kan tas i bruk. I beste fall vil avkjøringsforholdene være utbedret, i det verste fall vil det kun være et lite overlapp mellom ferdigstillelse av bustad og fylkesvei. Det vil mest sannsynlig uansett foregå lys- eller manuell regulering av trafikken forbi avkjøringspunktet, slik at trafikforholdene vil være annerledes nå enn ved ferdigstillelse. Det synes derfor som uforholdsmessig strengt og unødvendig å krevje at tiltakshaver bruker tid og penger på å utbedre avkjørselen nå.

Statens vegvesen sitt vedtak i klagesaka

I nemnde brev av 08.03.16 frå SVV vert fylkeskommunen underretta om SVV sitt vedtak i førsteinstans i klagesaka. Det lyder som følgjer:

Statens vegvesen rår Hordaland fylkeskommune til å sikre trafikktryggleiken på Fv 563 og ikkje å ta klage frå utbyggjar til følgje i si handsaming av klagesaka.

Vedtaket har følgjande grunngjeving:

Statens vegvesen stiller seg positiv til etablering av bustad med utleigeeining på gbnr 4/951 på Nordre Erdal. For at dei som skal bu her skal kunne ferdast trygt ut og inn på Fv 563, må avkøyrsla utbetrast. Dette er ei standard prosedyre for avkøyrslar med tekniske manglar. Noko anna strir mot vårt arbeid med trafikktryggleik, 0 – visjonen og Rammeplan for avkøyrslar og byggjegransar. Avkøyrsla er eit punkt på ein krunglete fylkesveg med høgt trafikkvolum, der trafikkulukker vil kunne inntreffe med bakgrunn i avkøyrsla si manglande siktline og glatte parti særleg i vinterhalvåret. Vi har difor gitt utbyggjar eit førehandstilsagn med tekniske krav til utbetring av avkøyrslar.

I motsatt fall kan utbyggjar avvente byggjeprojektet sitt, til Askøypakken er ferdig med utbetringa av Fv 563 Strømsnes – Hop. Slik planane for utbygging av Fv 563 ligg no, kan dette gå fram mot 2020 før avkøyrsla er ferdig. Slik vi forstår søkjar er planen å få realisert bustaden før den tid. Statens vegvesen kan ikkje rå til auka bruk av trafikkfarleg avkøyrslar i over 4 år.

Øvrige saksopplysningar

Askøypakka er eit bompengefinansiert vegutbyggingsprosjekt som og omfattar eigne kollektivtiltak. Den aktuelle avkøyrsla høyrer til delprosjektet 1. *Strømsnes*. Det framgår av SVV si klagesakshandsaming at det kan gå fram mot 2020 til den aktuelle avkøyrsla er ferdig.

Den aktuelle eigedomen ligg i eit uregulert bustadområde. I Askøy kommune sin reguleringsplan *Plan 274 – Fv 563 Strømsnes – Hop*, er avkøyrsla regulert for vegføremål. Fylkesveg 563 har, i følgje SVV, ein døgntrafikk på nesten 5 000 bilar på staden.

Vegdirektoratet har klassifisert den aktuelle fylkesvegen til å tilhøyre 'haldningsklasse 3'. Om slike vegar heiter det i *Rammeplan for avkøyrslar og byggjegransar på riks- og fylkesvegar i Region vest 2013-2016* ('rammeplanen') mellom anna følgjande:

Godkjenning til utvida bruk av bustadavkøyrslar til bustadføremål bør normalt gjevast dersom dei tekniske krava vert tilfredsstillt.

Dei tekniske krava er spesifiserte i mellom anna Vegnormal N100, som er heimla i veglova § 13. Som det framgår av Veglova § 1A, er eit av føremåla med lova å fremje trygg trafikkavvikling.

Administrasjonen har ved synfaring 03.11.16 teke følgjande bilete av den aktuelle avkøyrsla:



Utsyn frå avkøyrsla.



Utsyn frå fylkesveg 563 retning nordaust.

Etter det administrasjonen kunne sjå under synfaringa, er utkøyrsla knapt synleg frå nokon side av den relativt smale fylkesvegen. Administrasjonen kom vidare til at det ikkje er tilfredsstillande sikt frå sidevegen til nordgåande del av fylkesvegen. Sidevegen er delt ca 2 meter frå avkøyrsla. Frå sidevegen til sørgåande del av fylkesvegen fann administrasjonen at sikta er noko betre, då til eit kryss ca 20 meter unna. Sikta derfrå til utkøyrsla blei ikkje funne tilfredsstillande. På grunnlag av dei skildra tilhøva kom administrasjonen til at den aktuelle avkøyrsla ikkje oppfyller krava til avkøyrslar på veger i haldningsklasse 3, og er trafikkfarleg i si noverande utforming.

Det blei under synfaringa ikkje funne grunnlag for å trekkje i tvil SVV si skildring og faglege vurdering av dei vegtekniske tilhøva på staden.

I følgje *Handlingsplan for trafikksikring i Hordaland 2014-2017*, har forhold knytt til veg og vegmiljø vore medverkande faktor i 27 % av dødsulukkeane i perioden. Dei forholda som oftast har medverka til dødsulukke er vegen si linjeføring, sikthindringar og mangelfull skilting og oppmerking. I følgje *Rammeplan for avkøyrslar på riks- og fylkesvegar i Region vest 2013-2016* fører randbusetnad til auka trafikkfare.

Fylkesrådmannen si vurdering

Fylkesrådmannen vil streke under at det er når dei vegtekniske krava er tilfredsstilte, at det normalt vert gjeve godkjenning til utvida bruk av bustadavkøyrslar til bustadføremål langs vegar av same haldningsklasse som fylkesveg 563. Fylkesrådmannen vil peike på at korkje SVV eller fylkesadministrasjonen har kome til at desse krava er tilfredsstilte ved den aktuelle avkøyrsla. RH har i sin

klage heller ikkje imøtegått SVV sine trafikkfaglege vurderingar. Det vil såleis frå dag 1 medføre auka trafikkfare å gje utvida bruksløyve for den aktuelle avkøyrsla. Ettersom det er grunn til å tru at trafikken forbi avkøyrsla vil auke fram til dei vegtekniske krava er tilfredsstilte, må ein vere førebudd på ytterlegare trafikkfare fram til utkøyrsla er utbetra.

Dersom SVV sitt mål om å ha avkøyrsla utbetra i 2020 vert nådd, gjeld problemstillinga i 4 år, ettersom SVV har gjeve førehandstilsegn om utvida bruk då. RH er gjeve høve til å forsere tidspunktet for utbetring for eiga rekning. Spørsmålet er då om ein bør akseptere auka trafikkfare i 4 år utelukkande av omsyn til RH, når dei kan utsetje utbygginga og då truleg få utvida bruksløyve utan kostnader til utbetring av avkøyrsla.

Fylkesrådmannen har ikkje funne formelt grunnlag for å gje utvida bruksløyve for denne avkøyrsla slik den er utforma i dag. Fylkesrådmannen kan vidare ikkje sjå at omsynet til RH veg tyngre enn ålmenta sitt behov for trygg trafikk ved avkøyrsla, og rår difor til at klagen frå RH ikkje vert teken til følge.